Bjerkreimsnytt

Info til bjerkreimbuen • Desember 2026



Bjerkreim kommune

Bjerkreim kommune

Kommunehuset:
Tlf 51 20 11 00
Måndag - fredag kl 09.00 - 15.00
www.bjerkreim.kommune.no

Biblioteket:
Tlf. 51 45 93 20
biblioteket@bjerkreim.kommune.no
Måndag 15.00 - 19.00
Tysdag 14.00 - 18.00
Onsdag 14.00 - 18.00
Torsdag 12.00 - 15.30
Fredag 12.00 - 15.30
Laurdag 10.00 - 14.00

Sjå eigen annonse for romjula

DIM-renovasjon:
Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-19. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia. Returpunkt for glass og metall ved kommunehuset og ved Coop Prix på Bjerkreim.

Neste nummer:

Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tysdag 15. desember kl. 24.00. Bladet kjem i postkassen seinast onsdag 6. januar. Skriv kort! Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til postmottak@bjerkreim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå nettsida til kommunen.

Utgjevar:
Bjerkreim kommune

Kontaktperson:
Ingunn Ognedal

Ansvarleg:
Kulturkontoret

Trykk og grafisk formgiving:
Jærprint AS

Forsidefoto:
Fotograf Karl Spødervold,
frå Storafjellet

Ordføraren sitt hjørne

Lokaldemokratiet



Foto: Han med hatten / Kai Tore Vik

Lokalparti over heile landet arbeider no med å få på plass lister til neste års kommuneval. Nokre parti er ferdige med rekrutteringa, andre vil bruke litt lengre tid på å få flest mogleg til å vera med på lista si. Lokaldemokratiet er noko av det viktigaste me har. Det er sjølve bærebjelken for alle kommunar. Det er her sjølve grunnlaget for livet me lever vert lagt. Via folkevalde har ein reell moglegheit til å påverke avgjerder som angår eige liv.

Gjennom eit sterkt kommunestyre vert beredskap bygd. Lokale politikarar som samarbeider godt med administrasjonen, er ein stor og viktig del av forsvaret til Norge. Små og store kommunar treng eit sterkt lokaldemokrati og innbyggarar som engasjerer seg for å stå imot krefter som vil svekke Norge som nasjon. Dessverre viser det seg at det er stadig færre som ynsker å delta i dette arbeidet, noko som er alvorleg i ei tid der våre vestlege demokratiske verdiar er under sterkt press. Internett og sosiale media gir nye moglegheiter for å kunne sei kva ein meiner, men også for spreiing av usann informasjon og falske nyheiter.

Kanskje har det å vera politikar fått eit for dårleg rykte? Me ser at mange opplever hets, og kommentarfelta er fylt av kommentarar frå folk som tydelegvis manglar det som me vil kalle folkeskikk. Heldigvis er det ikkje nødvendigvis slik alle stader. Eg opplever at hets og stygge kommentarar ikkje er eit problem i lokalpolitikken i Bjerkreim. Eg har no vore med i lokalpolitikken i snart fem periodar til saman. Det er enormt interessant og lærerikt, og kan anbefalast på det varmaste. Så, vert du spurt om å stå på ei liste håper eg du tenker det kan vera spanande, å få vera med å bidra. Og til de som alt har takka ja til ei liste, flott at du vil vera med!

I siste kommunestyremøte dette året, skal me stemme over eit felles landsomfattande valløfte. Me lokalpolitikarar må ta vårt ansvar for at det vert respektfulle debatter, også i vanskelege saker. Valløftet er utarbeid av KS, kommunane sin landsorganisasjon. Me vert bedde om å stille oss bak desse lovnadane. Eg er trygg på at det vil politikarane i Bjerkreim gjera!

- Me seier ja til: Faktabaserte og sannferdige debattar med god meiningsbryting og argumentasjon.
- Me vil bidra med: Openheit og kunnskap i diskusjonar og debattar.
- Me skal bidra til: Ei sakleg og respektfull tone også i digitale kanalar.
- Me vil være bevisste om: Uønskt påverking og desinformasjon i den offentlege debatten.
- Me seier nei til: Hets, mobbing, trakassering og personangrep.
- Me skal vise respekt for: Kvarandre sine synspunkt og ta avstand frå uakseptable ytringar mot andre folkevalde, uavhengig av politisk tilhøyring.
- Me vil arbeide aktivt for: At flest mogleg bruker stemmeretten og at alle stemmer kan bli høyrt.
- Me skal arbeide for: Større tillit mellom innbyggar og folkevalde.

Vennleg helsing Tone Vaule

Politiske møte - på kommunehuset

Kommunestyret	Tysdag 15.12 kl. 16.00
LMT-utval	Tysdag 15.12 kl. 14.00

LEDIG ANNONSEPLASS I BJERKREIMSNYTT FOR 2027

Ønsker du annonseplass i Bjerkreimsnytt?

Kr 6860,- for stor annonse, totalpris for et år.

Kr 3480,- for halv annonse, totalpris for et år.

Prisen er uten mva og uten design. (D.v.s ferdig annonse må leveres). Interessert? Skriv e-post til postmottak@bjerkreim.kommune.no

Første mann til mølla...

BIBLIOTEKET

Opningstider for biblioteket jula 2026:

23.-27. des.	STENGT
28.-30. des.	kl. 12.00-15.30
31. des.-1. jan.	STENGT

OFFENTLIG SVØMMING OG ÅPENT BASSENG I ROMJULA

Velkommen til svømmehallen på Vikeså skule, hver lørdag mellom høstferien og påskeferien.

Åpningstider i desember: Hver lørdag til og med 19. des. I tillegg åpent mandag 28. og tirsdag 29. des. Oppstart etter nyttår lørdag 2. januar. Gratis adgang.

Åpningstider:

Kl. 10.00-10.45 Voksne over 18 år (garderobe åpen fra 09.45).

Kl. 10.45-11.30: Voksne over 18 år.

Kl. 11.30-12.15: Åpent for alle (garderobe fra kl. 11.15)

Kl. 12.15-13.00: Åpent for alle

Kl. 13.00-13.45: Åpent for alle

Lister blir lagt ut i gangen fra kl. 09.45 for å reservere plass på de ulike gruppene. Bor du langt fra bassenget og har vansker med å komme innom på forhånd, kan du ringe 40 44 49 55 for å reservere tid. Maks antall i voksengruppene er 15. Maks antall i familiegruppene er 25.

Husk badehette! Bleiebarn må bruke badebleie, dette kan man eventuelt få kjøpt fra badevaktene.

SVØMMEKURS VÅR 2027

Påmeldingsfrist 2. januar. Oppstart 8. januar. Åtte kursdager på fredager:

Kl. 15.45-16.30 - videregående 1 pulje 1 (må kunne flyte)

Kl. 16.30-17.15 - småbarn (fra 3 år)

Kl. 17.15-18.00 - grunnkurs (fra 5 år)

Kl. 18.00-18.45 - videregående 1, pulje 2 (må kunne flyte)

Kl. 18.45-19.30 - videregående 2 (må kunne svømme på dyp del av bassenget)

Elektronisk søknadskjema og mer informasjon finner du på kommunen sin nettside under Skjema/søknadssenter - kultur og fritid. Vi tar forbehold om endringer.

KONSERT PÅ HELSESENTERET

Vidar Furholt holder konsert på helsesenteret mandag 7. desember kl. 13. Gratis adgang, åpent for alle.

SYNG JULEN INN

På helsesenteret 9. des kl. 11.00.

Allsang, solo, andakt v/Verena Fuglestad, kaffimat.



PEPPERKAKEBY

Husk å melde på ditt byggverk til pepperkakebyen som skal stå på biblioteket i adventstiden.

Innlevering av pepperkakehus blir lørdag 28. november mellom kl. 10.00 og 12.00 på biblioteket. For å beregne plass på forhånd, ønsker vi at du melder på byggverket ditt til Bjerkreim kulturkontor innen onsdag 25. november. Bruk tlf

98 88 01 47, eller mail til annette.nedrebo@bjerkreim.kommune.no.



JULEGRANTENNING

Velkommen til fakkeltog og julelystenning lørdag 28. november kl. 17.00 i parken bak kommunehuset. Fakkeltog, sang av Vikeså Soul Children og Soul Kids, gang rundt juletreet. Deretter forestilling for barn med tryllekunstner/ buktaler Erik Mogeno inne i kulturbanken.

BJERKREIM BYGDEKVINNELAG
Følg Bygdekvinnelagets Facebookside.

SYSNELLENE

Tid: 7. desember kl. 18.30
Sted: Skjeraberget folkehelsehus
Vel møtt til samsykveld!
Arr: Bygdekvinnene v/Olaug og Anka

LESERING

Liker du å lese bøker? Da kan du melde deg på lesering. Vi har valgt ut følgende bøker dette året:
1.«Ukraina. En vinterreise» Erika Fatland
2.«Et livsforsøk» Tore Renberg
3.«Noe tapt og noe vunnet» Tara Westover
4.«Kjære kødd» Virginie Despentes
5.«Jentene og mørket» Camilla Grebe
6.«Én for alle» Trude Teige
Påmelding til Jorunn Birkeland, tlf/sms 41 72 59 89 innen 10. januar.
Oppgi nr. på bok, første og andrevalg.
Arr: Bygdekvinnelaget

SOSIAL KVELD

Velkommen onsdag 2. des. kl. 19-21 i Skjeraberget folkehelsehus.
Ta gjerne med ei venninne! Vi prater om løst og fast mens strikkepinnene går. Det er så ymse hvor mye det blir strikket, så håndarbeid er ikke nødvendig!
Servering av kaffe/te + litt småkaker.
Arr. Bygdekvinnelaget

BYGDEKVINNELAGETS ADVENTSKOS

Medlemmer er invitert til adventskos 8. des. kl. 19.00 - på Bjerkreim samfunnshus. Risgraut vert servert. Førjulsprogram m/ quiz, åresal (fine gevinstar) og tid til gildt drøs i godt lag.

JULEBINGO

Sted: Peisestova på Vikeså misjonshus
Tid: Onsdag 9. desember kl. 14.00-ca.16.00. Alle velkomne!
Arr. Bjerkreim helselag.

DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar. Kontakt Ingbjørg Vassbø tlf. 48 60 35 35.

PENSJONISTEN

Julespising for pensjonistene i Bjerkreim 12. desember kl. 13.00 på Vikeså misjonshus.
Pris medlemmer kr 300,- ikke-medlemmer kr 500,-. Påmelding til pensjonisttreffet 26. nov. til Karin Ingvardsen, tlf. 90 73 18 10. Frist 7. desember. Hjertelig velkommen.

INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Torsdag 10. desember kl. 18.00-20.00 i Skjeraberget folkehelsehus. Vi treffes for å snakke sammen og bli kjent med hverandre. Denne gangen blir det julegrøt, julekaker, kaffe/te, og vi synger litt julesanger. Velkommen alle kvinner!

NYTTÅRSFEST

Vikeså misjonshus 31.12. kl. 18.00. Enkel og uformell nyttårsfeiring med venner, kjente, ukjente. For alle aldre. Sosialt fellesskap, drøs, god mat, lek og konkurranse/ underholdning.
Er noe uklart, ta kontakt på telefon: Aina Helland tlf. 99 56 03 96 el. Magnus Helland tlf. 91 67 45 48
Påmeldingsfrist 20.12.2026
Påmelding via qr-kode

LYS OVER LAND

Ognedal bedehus tysdag 8. desember kl. 19.30. Kretssekretær Odd Eivind Høyvik talar. Misjonsinformasjon og kollekt.

HISTORIELAGET

Tid: Torsdag 3. desember kl. 19.00
Stad: Samfunnshuset
Aslaug Undheim fortel om Gudrun Olden Nedrebø og hennar arbeid med «Høgevoll Middelskule» og lærar i framhaldskulen. Det blir og viste deler av eit videointervju med Gudrun. Etter julegraut-servering, presenterer Jorunn Kydland laget sitt årshefte «Glimt frå Bjerkreimsogå»
Arr. Bjerkreim Historielag

HISTORIELAGET ÅRSHEFTE:

«Glimt frå Bjerkreimsogå» er i sal på kommunehuset frå 1. desember.



BJERKREIM BEDEHUS

Desember 2026
02. kl. 17.30 Global kafe
05. kl. 19.00 Stjernedryss
07. kl. 19.00 Yngres
08. kl. 19.30 Møte Sarepta
12. kl. 19.30 BKU i kjellaren
13. kl. 11.00 Endelig søndag, NLM
Talar: Borghild Tonstad
Kl. 11.20 Søndagsskule
14. kl. 18.30 Guttelag og jentelag
26. kl. 18.30 Juletrefest
Indremisjonen
28. kl. 14.00 Juletrefest
Søndagsskulen
31. kl. 20.00 Nyttårsfest BKU
Tirsdager kl. 19.00 Bønnemøter
Onsdager kl. 09.30 Minsten
Torsdager kl. 17.00 Barnekor

VIKESÅ MISJONSHUS

06. kl. 11.00 Søndagssamling og
søndagsskule Awana
02. kl. 19.00 Bønnemøte
02. kl. 20.00 Vedlikehaldstreff
07. kl. 19.00 YngRes og Korvetten
09. kl. 20.00 Samtalemøte
16. kl. 17.30 Global kafe
20. kl. 10.00 For alle:
Adventssamling m/frokost
31. kl. 18.00 Nyttårsfest,
husk påmelding
Tysdagar: kl. 9.30: Knerten
Torsdagar: kl. 17.00 Barnekor



JULEKONSERT MED VIDAR OG TOBIAS GJEDREM FURHOLT

Far og sønn Vidar og Tobias Gjedrem Furholt spiller julekonserten Desemberlys i Bjerkreim kyrkje fredag 18. desember kl 18.00. Kjøp billetter her: www.vidarfurholt.no/billetter



KULTURDAG

Årets kulturdag på Bjerkreim samfunnshus blir søndag 29.11 kl 19.00 (merk nytt klokkeslett!). Utdeling av innsatspremier og byggeskikkpris, show med Rune Nilsson og BadesKen.

Gratis inngang.



VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE

Sundag 6. desember
Ikkje gudsteneste i soknet.

Sundag 13. desember kl. 19.00
Lysmesse i Bjerkreim kyrkje. Konfirmantane deltek.

Sundag 20. desember kl. 18.00
Julekonsert i Bjerkreim kyrkje.

Julaftan 24. desember:
-kl. 13.00 Familiegudsteneste i Ivesdal kyrkje.
Song: Vikeså Soul Kids
-kl. 14.30 Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje.
Song: Bjerkreim barnekor
-kl. 16.00 Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje. Song: Sunniva og Ingrid Vassbø Sæth

1. juledag 25. desember kl. 11.00
Høgtidsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje.
Song: Bjerkreim ungdomskor og Veterankoret v/Arne Bjerkreim

Nyttårsaftan
31. desember kl. 23.00
Nyttårsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje.

ANDAKT PÅ HELSESENTERET I OKTOBER:
Onsdag 9.12 kl. 11.00 m/seniorsang
Onsdag 16.12 kl. 11.00 m/nattverd
Onsdag 23.12 kl. 11.00
Onsdag 30.12 kl. 11.00

GLOBAL KAFÉ
Onsdag 2.12 Bjerkreim bedehus
Onsdag 16.12 Vikeså misjonshus

JULEKONSERT

Søndag 20. des. kl 18 i Bjerkreim kyrkje.
Desse deltek: Bjerkreim barnekor, Vikeså Soul Kids og Children, Bjerkreim ungdomskor; Oksana Berezhna, Valborg og Elisabeth m/band, Bjerkreim Brassband.
Alf S. Ognedal leiar kvelden.
Gratis inngang, kollekt til KRIK Bjerkreim.
Alle er velkomne!

DESEMBERLYS MED FURHOLT

- en fredfull og jordnær førjulskonsert.
Bjerkreim kyrkje, fredag 18. desember kl 18.
Far og sønn, Vidar og Tobias Furholt, møtes i kirkerommet med akustisk gitar, sang, marimba og perkusjon. De vever sammen klassiske perler, egne låter og kjente og kjære julesanger til en fredfull og jordnær konsert - i vakkert desemberlys.

JULA SNUR OPP-NED PÅ ALT

- I jula gjer eg som Maria. Eg slepp lyset frå Betlehemsmarkene og mysteriet frå den første julekvelden inn i hjartet, skriv biskop Tor Magne Nesvik.

«Me e i baglengsland», sa dei to barnehagegutane begeistra. Inspirerte av songen om Bakvendtland frå songstunda hadde 5-åringane teke ytterjakkene på seg bak fram. No traska dei baklengs på leikeplassen og klatra opp rutsjebana i staden for å renna ned. «Og i baglengsland er to pluss to kanskje hundre eller null eller någe, jaffal ikkje fira», sa den mest veslevaksne av dei. «Bilane berre rygge'», heldt kompisen fram, før han kom på at det jo var presten som var på besøk: «Ja, og Gud e' ikkje i himmelen, men på jordå!»



I så fall er jula ei feiring av at «baklengs» blir «framlengs». Me feirar at Gud kjem ned til jorda og snur opp-ned på ei rekkje tilsynelatande logikkar som me elles blir drivne av. Jesus peikar på korleis den siste skal bli den første, det svake kan vera sterkt, og fattig blir rikt. I jula feirar me at Gud viser oss at ei anna verd, ei anna meining, eit anna mål og ein annan livsveg er mogleg, enn den som er merkt med skilta «størst, mest og sterkast»!

Me feirar ein flyktningfamilie i Betlehem. Eit lite barn med ei mor og ein far som alt har reist langt, men som snart må flykta frå regimet til Herodes. Ei tenåringsmor og ein lojal mann som sikkert slit og strevar, men som òg får erfara det mest utrulege: englesong, gudsnærvær og eit oppdrag som fører dei inn i sentrum av verdshistoria.

Kva kan juleevangeliet fortelja oss? Eg tenkjer på alle som strevar, alle som står i krevjande livskampar, alle som lid, uroar seg og er redde. Måtte me klara å spreia varme og englesong inn i livet til kvarandre, om ikkje som på Betlehemsmarkene, så likevel så godt me kan!

«Alle som høyrde på, undra seg over det gjetarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det», står det mot slutten av juleevangeliet. I jula gjer eg som Maria. Eg slepp lyset frå Betlehemsmarkene og mysteriet frå den første julekvelden inn i hjartet.

Eg les det, syng det, grublar på det og feirar: At midt i alt som verkar håplaust, urovekkjande, mørkt og hatefullt, finst ei anna forteljing. Ei omvend, men sannare forteljing. Den som endrar verda, gjer baklengs til framlengs og ber æva i seg. Forteljinga om at kjærleikens Gud steig ned til jorda og framleis er midt iblant oss. Forteljinga om at håpet, fryktløysa, lyset og kjærleiken framleis lever i beste velgåande!

Gledeleg jul!

Tor Magne Nesvik, Biskop i Stavanger bispedømme

GODKJENNING AV SPREIEAREAL I INNMARKSBEITA

I forbindelse med den nye gjødselbrukforskrifta, med verknad frå 01.02.2025, har landbrukskontoret prioritert å få inn nye søknader, og skriva nye godkjenningar av spreieareal i innmarksbeita på eigedomane i Bjerkreim kommune. Dette for at godkjent areal skal stemma med dei faktiske forholda på gardsbruket med alt tilgjengeleg areal/ innmarksbeite og lovleg gjødseltype. Gamle godkjenningar gjeld framleis, men bare for det konkrete arealet som er godkjent. Mange bruk har hatt arealendringar som utløyser krav om fornya godkjenning.

For å kunna spreia gjødsel i innmarksbeita må arealet vera godkjent som spreieareal, uavhengig av kva type gjødsel som vert brukt. Dermed må ein nå og ha godkjenning av areal der ein spreiar mineralgjødsel og kalk. Om ein ønskjer å etablera nytt innmarksbeite, kan ein som ledd i denne etableringa, få dispensasjon av kommunen til å kunna gjødsla arealet i tida etableringa skjer.



Landbrukskontoret har i løpet av dette året behandla nesten alle mottatte søknader. Om lag 160 eigedomar har til nå fått ny godkjenning etter den nye gjødselbrukforskrifta, inkl leigejord. Framleis er det om lag 70 gardsbruk som ikkje har fått ny godkjenning. Av desse er det og nokre få eigedomar som ikkje har fått godkjent spreieareal i innmarksbeitene tidlegare. Ein god del har gamle godkjenningar som med fordel skulle vore oppdaterte. Så søk no!

Kommunen har laga eit enkelt digitalt skjema for søknad om godkjenning av innmarksbeite som spreieareal: https://dialog.bjerkreim.kommune.no/dialogue/BKO-59 (Her registrerer ein gnr. og bnr. på garden ein eig og evt. på jord ein leiger).

Statsforvaltaren har begynt sitt arbeid med gjennomgang av dei gamle godkjente spreieareala i innmarksbeita i Rogaland. I sommar vart det mykje støy då Statsforvaltaren sendte ut varslar om oppheving av spreieareal i innmarksbeite til fleire bønder i Stavanger kommune, der spreiearealet overlappar med naturbeitemark og kystlynghei. Desse naturtypane vert sett på som viktige i natur- og kulturlandskapet. Statsforvaltaren har starta gjennomgangen nord i fylket og vil jobba seg stegvis sørover i fylket. Gjennomgangen i Dalane kommunane vil verta til slutt, etter at dei andre delane av fylket er gjort. Statsforvaltaren har no lova ein ryddig prosess, med god dialog med kommunane og faglaga. Det er då eit stort ønskje at mest mogleg av arealet i Bjerkreim har fått ny gjennomgang, og ei godkjenning som stemmer med dagens situasjon.

Så dokke som ikkje har søkt om godkjenning av spreieareal, gjer det no.

SAMLING FOR NYE BØNDER I BJERKREIM

3. FEBRUAR

I januar 2024 hadde vi samling for nye bønder med veldig godt frammøte. Sidan då har vi fått ca. 20 nye eigarar eller forpaktarar av gardsbruk i Bjerkreim. Vi er jammen heldige som har så mange som vil vera bønder og produsera mat i den flotte kommunen vår, med mykje husdyr og veldig godt fagmiljø. Vi ynskjer å invitera dokke til samling for nye bønder **onsdag 3. februar 2027 frå kl. 19.30 til 22.00.**

Då vil vi tre på landbrukskontoret informera om bla ulike tilskotsordningar, nydyrking, vegbygging, bu- og driveplikt og spreieareal. Ordføraren vil også ha ei helsing. Det blir servert pizza. Dei nye bøndene vi har på lista vår, vil få personleg invitasjon på e-post. Kjenner du nokon som snart skal overta, kan du invitera dei med.

Påmelding til gerdse@bjerkreim.kommune.no innan 25. januar, og fint med beskjed om allergiar. Ta med deg ektefelle/sambuar og kom til ein informativ og koseleg kveld.

Vi på landbrukskontoret vil ynskja dokk alle ei fredeleg julehøgtid, og håpar på eit fruktbart 2027 med lagleg ver.

Informasjon





tlf: 41 43 73 92

ARKIDAL
v/ Arne Dirdal

Teknisk tegner - byggesøknad, tilbygg, påbygg og fasadeendring
ingen oppdrag er for små!

Nesjane 3, 4389 Vikeså
www.arkidal.no - post@arkidal.no

ADVOKAT 1
ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ
Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

HANMEDHATTEN.NO SILVER AND LIGHT.NO
FOTOSTUDIO RAMMEVERKSTED
Han med hatten
FOTOGRAF KAI TORE VIK
POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955
DU ER HJERTELIG VELKOMMEN TIL VÅRT FOTOSTUDIO I RØYSLANDSDALEN 95

Bjerkreim legekontor
51 20 43 30
www.bjerkreimlegekontor.no
Vask hendene og ta vare på kvarandre!

coop Vikeså
coop byggmix
EXTRA
coop prix
Extra Vikeså
Man-Fre 07.00-23.00 Lør 08.00-21.00
Coop Byggmix / Landbruk
Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00
Coop Prix Bjerkreim
Man- Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00
coop



Eigersund Dyreklinikk
Telefon 51 49 13 04

VELKOMMEN TIL KLINIKKEN PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222
Solvor Nyland Malmei 471 79 206

RENSELØSNINGER TIL HUS OG HYTTER



LITT OM VÅRE ANLEGG:
- Tilfredstiller kommunale krav til godkjent utslipp
- Enkel montering
- Forskjellige størrelser
- Lavt strømforbruk
- SINTEF sertifisert

VI TILBYR:
- Søknad / prosjektering
- Montering / oppstart
- Service og vedlikehold

Sandnes Maskin
Tlf: 954 09 360 – post@sandnesmaskin.no

BJERKREIM BIL & KAROSSERI AS
Forsikrings skader • Private skader
Karosseri • Lakkering
Ruteskift • Restaurering
PDR (Retting av småbulker uten lakkering)
Tlf: 901 91 987
post@bjerkreimbilogkarosseri.no